



**Naturvernforbundet**  
i Nord-Trøndelag

[nordtrondelag@naturvern.no](mailto:nordtrondelag@naturvern.no)

Postboks 132, 7702 Steinkjer

<http://naturvernforbundet.no/trondelag/>



**Naturvernforbundet**  
i Sør-Trøndelag

[sortrondelag@naturvern.no](mailto:sortrondelag@naturvern.no)

Sandgata 20, 7012 Trondheim

<http://naturvernforbundet.no/trondelag/>

Olje- og Energidepartementet

[postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)

Steinkjer og Trondheim 15.09.2015

## **Klage på konsesjon til planendring for Sørmarkfjellet vindkraftanlegg**

Vi viser til NVEs oversending av 04.09.2015, deira ref 200802039-177, av klage på konsesjon, og ønsker med dette å kome med nokre kommentarar til deira oversending. Vi vil ikkje gje ytterlegare kommentarar til dei naturfaglege vurderingane, der vi registrerer at NVE er usamd med oss, og vi viser til klagen vår når det gjeld dette feltet.

Vi ønsker likevel å kommentere nokre grunnleggjande premiss som NVE bruker for å stå fast på avvisinga av klagen. Vi meiner at desse premissa i staden gir god grunn til å avslå konsesjon til dei omsøkte endringane av Sørmarkfjellet vindkraftanlegg, og håper at OED vil følgje oss i dette.

### **NVE skriv:**

*"slik at det legges til rette for at de beste vindkraftprosjektene kan realiseres"*

### **Våre kommentarar:**

Når NVE skriv *"slik at det legges til rette for at de beste vindkraftprosjektene kan realiseres"*, så reknar vi det som sjølvstakt at grunnlaget for karakteristikken *"de beste vindkraftprosjektene"* mellom anna vil seia prosjekt med små negative konsekvensar for naturmiljø- og kulturverdiar, og ikkje berre kva som er økonomisk lønsamt. Anlegg som ikkje oppfyller kriteriet *"de beste vindkraftprosjektene"* bør dermed ikkje bli realisert.

Tematisk konfliktvurdering for Sørmarkfjellet vart heva til D-E i samband med dei omsøkte endringane. Vi siterer frå Miljødirektoratets rettleiing om dei tematiske konfliktvurderingane:

- *Kategori D: Stor konflikt. Tiltaket medfører stor konflikt i forhold til nasjonale miljømål. Reduksjon av konfliktnivået er berre mogleg gjennom omfattande endringar av tiltaket.*
- *Kategori E: Svært stor konflikt. Tiltaket inneber svært stor konflikt i forhold til nasjonale miljømål. Avbøtande tiltak kan ikkje redusere konflikten.*

Konfliktnivået etter endringane av Sørmarkfjellet vindkraftanlegg er dermed så stort at anlegget ikkje kan bli karakterisert ved uttrykket *"de beste vindkraftprosjektene"* og det bør få avslag.

### **NVE skriv:**

*"Når det gjelder den endrede energisituasjonen i Norge vil NVE påpeke at Norge gjennom EUs fornybardirektiv er forpliktet til å øke landets fornybarandel."*

### **Våre kommentarer:**


#### 1. Fornybarandelen er nesten oppnådd

Gjennom EØS-avtalen er Noreg forplikta til å nå 67,5% fornybarandel, som har auka kraftig dei siste åra, slik at fornybarandelen allereie på nesten 67,5%. (Vi viser til figuren under, basert på informasjon frå SSB). Kravet om på 67,5% er dermed ikkje eit valid argument for å gje løyve til det konfliktfylde vindkraftanlegget, spesielt ikkje dersom det finst alternative og miljømessig betre metodar for å oppnå fornybarandelen (jfr kravet i § 12 i naturmangfaldlova).

#### 2. Regjeringa har lagt til rette for å oppnå fornybarandelen utan ny energiproduksjon

Det er eit stort potensial for energieffektivisering og sparing i Noreg, og ved realisering av dette potensialet kan ein frigjera store mengder fornybar kraft og kan heve fornybarandelen til langt over 67,5% i løpet av få år. Utallige utgreingar om energieffektivisering viser dette potensialet, og der er spesielt mykje å hente ved tiltak i bygg.

Frå og med 2016 innfører regjeringa rett til skattefrådrag for investeringar i tiltak for energieffektivisering i bygg. Dette tiltaket set vi stor pris på, då det vil bidra til å frigjera fornybar energi til utfasing av fossil energi, og dermed kunne auke fornybarandelen til over 67,5%.



*Kravet om fornybarandel på 67,5% er allereie nesten oppnådd*

På vegne av Naturvernforbundet i Sør og Nord Trøndelag

Mads Løkeland

[mads.loekeland@gmail.com](mailto:mads.loekeland@gmail.com)

95056726